

Fag: Norsk

Trinn: 9.

Skuleår: 2026-27

Læremiddel: A-univers og Fabel

Med forbehold om endringar

Munnlege ferdigheiter:

Munnlege ferdigheiter i norsk er å kunne samhandle med andre gjennom å lytte, fortelje og samtale. Det inneber å bruke retoriske ferdigheiter og å uttrykkje seg på formålstenleg vis i ulike spontane og førebudde kommunikasjonssituasjonar, inkludert å kunne planleggje og framføre ulike typar munnlege presentasjonar som er tilpassa mottakarane. Norsk har eit særleg ansvar for utviklinga av munnlege ferdigheiter. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i norsk går frå tidleg samhandling i leik og faglege aktivitetar til å bruke det munnlege språket stadig meir presist og nyansert i ulike norskfaglege samtalar og presentasjonar.

Å kunne skrive:

Å kunne skrive i norsk er å kunne uttrykkje seg i eit breitt utval skjønnlitterære og sakprega sjangrar. Det inneber å utvikle personlege skriftlege uttrykksmåtar og å beherske skrivestrategiar, rettskriving og oppbygging av tekstar. Å skrive er òg ein måte å utvikle og strukturere tankar på og ein metode for å lære. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne skrive. Utviklinga av å kunne skrive i norsk går frå den grunnleggjande skriveopplæringa til å planleggje, utforme og arbeide vidare med tekstar i ulike sjangrar og tilpassa formål, medium og mottakar. Skrivning i norsk inneber å uttrykkje seg med ei stadig større språkleg sikkerheit på både hovudmål og sidemål.

Å kunne lese:

Å kunne lese i norsk inneber å lese både på papir og digitalt. Det inneber å kunne lese og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa, å beherske lesestrategiar tilpassa formålet med lesinga og å kunne vurdere tekstar kritisk. Lesing i norsk inneber òg å lese samansette tekstar som kan innehalde skrift, bilete, teikningar, tal og andre uttrykksformer. Norsk har eit særleg ansvar for opplæringa i å kunne lese. Utviklinga av å kunne lese i norsk går frå den grunnleggjande avkodinga til å lese, tolke og reflektere over tekstar i ulike sjangrar, for ulike formål og av ulik lengd og kompleksitet.

Digitale ferdigheiter:

Digitale ferdigheiter i norsk er å kunne finne, vurdere og bruke digitale kjelder i arbeid med tekst. Det inneber å bruke digitale ressursar kreativt til å skape samansette tekstar og å utvikle kritisk og etisk medvit om det å framstille seg sjølv og andre digitalt. Utviklinga av digitale ferdigheiter i norsk går frå å lage enkle samansette tekstar til å planleggje, utvikle og redigere samansette tekstar basert på kunnskap om korleis dei forskjellige uttrykksformene verkar saman. Utviklinga inneber òg å vise ein stadig større grad av sjølvstende og dømmekraft i val og bruk av digitale kjelder.

Tema: Lese og skrive noveller

Periode: Veke 34 - 44

Læringsmål:

- Eleven skal kunne kjenne igjen kjennetegn ved noveller.
- Eleven skal kunne bruke fagomgrep som språkbilete, spenningskurve, motiv, tema og budskap.
- Eleven skal kunne samtale med andre om innhald, verkemiddel og språk i ulike noveller.
- Eleven skal kunne reflektere over tema og budskap i noveller.
- Eleven skal kunne samanlikne noveller.
- Eleven skal kunne analysere ei novelle ved å peike på verkemiddel og bruke eksempel frå teksten.
- Eleven skal kunne skrive ei novelle med eit tydeleg vendepunkt.
- Eleven skal kunne bruke språklege verkemiddel i eiga novelle.

Korfor skal du lære dette?

- Noveller er korte, men fulle av meining. Vi får øvd oss på å lese nøye og oppdage ting som ikkje alltid står rett fram.
- Vi lærer å tenkje kritisk. Noveller har ofte skjulte budskap og symbol – då må vi tolke og reflektere.
- Vi får oppleve andre liv og situasjonar. Gjennom noveller kan vi kjenne oss att i, eller forstå, folk som lever heilt annleis enn oss sjølve.
- Vi utviklar språket. Når vi les, lærer vi nye ord, uttrykk og måtar å skrive på.
- Det gjer oss kreative. Å lese noveller gir oss idear til eiga skriving og gir rom for fantasi.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
• Lese skjønnlitteratur (novelle) og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i teksten. • Tolke novella ut frå historisk kontekst og eiga samtid. • Utforske og reflektere over korleis teksten framstiller livssituasjonen til unge. • Kjenne att- og bruke språklege verkemiddel. • Utforske og vurdere korleis ulike medium og uttrykksformer (novelle og film) påverkar og endrar språk og kommunikasjon. • Fortelje i novellesjangeren og ved hjelp av film og tilpasse til mottakar og medium. • Skrive tekstar (novelle) med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meiste rettskriving og ordbøying på hovudmål. • Beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur.	Tekst i kontekst. Munnleg kommunikasjon. Skriftleg tekst-skaping. Språket som system og moglegheit. Kritisk tilnærming til tekst.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og medborgarskap.	Lese noveller: (Det siste brevet. Eg står her og skal slå opp med ei jente. Som alle andre.) Øve på å skrive noveller. Lage film av ei novelle.	Munnlege og skriftlege refleksjonar. Skrive novelle. Lage film. Fagsamtale om filmen og prosessen med å lage film av ei novelle.

Læringsressurs

A-univers og *Fabel 9*

Tema: Diskuter med andre

Periode: 45 - 50

Læringsmål:

Korfor skal du lære dette?

- Fordi vi møter ulike meiningar kvar dag, både på skulen og i samfunnet.
- Når vi øver på å diskutere, lærer vi å lytte, svare og argumentere sakleg.
- Det gjer oss betre til å bruke språket for å påverke, samarbeide og forstå kvarandre.
- Slik blir vi tryggare på å delta i samtalar, debattar og viktige avgjerder – både no og seinare i livet.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
• Bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema. • Informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium. • Bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i egne tekstar.	Tekst i kontekst. Munnleg kommunikasjon. Skriftleg tekst-skaping. Språket som system og moglegheit.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og med-borgarskap.	Sjå eksempel på diskusjonar. Jobbe med ulike typar argument. Øve på å argumentere munnleg og skriftleg.	Munnleg diskusjon. Debattinnlegg.

• Utforske og vurdere korleis digitale medium påverkar og endrar språk og kommunikasjon. • Bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og vidare arbeid med tekstar.	Kritisk tilnærming til tekst.			
				Læringsressurs A-univers Fabel 9 Diverse filmar

Tema: Dialektar og talespråk

Periode: Veke 2 - 6

Læringsmål:

1. Kjenne att dialektar

- Eg kan høyre og kjenne igjen ulike dialektar i Noreg.
- Eg kan seie noko om kva som kjenneteiknar dialektane.


2. Reflektere over språkbruk

- Eg kan forklare kvifor folk snakkar ulikt, og kva haldningar folk kan ha til dialektar.
- Eg kan snakke om eigne haldningar til eige og andre sitt språk.

Korfor skal du lære dette?

- Fordi Noreg har mange dialektar, og det er viktig å forstå kvarandre, sjølv om vi snakkar ulikt.
- Vi lærer å vere stolte av eige språk, samtidig som vi respekterer andre sine måtar å snakke på.
- Å kjenne til språklig variasjon gjer oss betre til å uttrykke oss og forstå nyansar i språk.
- Det hjelper oss å sjå samanhangen mellom språk, kultur og historie.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- Utforske språkleg variasjon og mangfald i Norge og reflektere over haldningar til ulike språk og talespråkvariasjonar. - Bruke fagspråk og kunnskap om grammatikk, tekststruktur og sjanger i samtale om og bearbeiding av tekstar. - Uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar.	Tekst i kontekst. Munnleg kommunikasjon. Skriftleg tekstskaping. Språket som system og moglegheit. Kritisk tilnærming til tekst.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og medborgarskap	Studere målmerke. Øve på å kjenne igjen målmerke. Studere dialekt i reklamar. Reflektere over haldningar til ulike talespråk. Lese tekstar skrivne på dialekt.	Fagsamtalar der du viser kunnskap om målmerke og reflekterer over haldningar til ulike talespråk.
				Læringsressurs A-univers Fabel 9 Diverse reklamefilmar



Tema: Lese og forstå dikt og songtekstar

Periode: Veke 7 - 8 og veke 10-11

Læringsmål:

1. Tolke innhald

- Eg kan lese dikt og songtekstar og forklare kva dei handlar om.
- Eg kan seie kva kjensler eller budskap teksten prøver å formidle.

2. Kjenne igjen sjangertrekk og verkemiddel

- Eg kan finne rim, rytme, gjentakning, metaforar og andre språklige verkemiddel i dikt og songtekstar.
- Eg kan forklare korleis verkemidla påverkar inntrykket av teksten.

3. Setje tekstar i kontekst

- Eg kan samanlikne dikt og songtekstar frå ulike tider og sjangrar, og forklare likskapar og forskjellar.

4. Uttrykkje eigne tankar

- Eg kan fortelje kva eg sjølv meiner om dikt og songtekstar, både munnleg og skriftleg.
- Eg kan lage eigne korte dikt eller songtekstar og prøve ut ulike språklege verkemiddel.

Korfor skal du lære dette?

- Fordi dikt og songtekstar uttrykker kjensler, tankar og historier på ein kreativ og spennande måte.
- Vi lærer å tolke språk og symbol, og sjå kva verkemiddel som blir brukte for å skape stemning eller formidle ein budskap.
- Å lese og forstå dikt og songtekstar gjer oss betre til å uttrykke oss sjølv både munnleg og skriftleg.
- Det hjelper oss å sjå samanhengar mellom språk, kultur og historie.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- Lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i oversetting frå samiske og andre språk, og reflektere over tekstenes formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel. - Samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekster ut frå historisk kontekst og eigen samtid. - Gjenkjenne og bruke språklige verkemiddel og retoriske appellformer. - Uttrykkje seg i ulike sjangrar og eksperimentere med sjangrar på kreative måtar. - Bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema. - Informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og skriftlege sjangrar og for ulike formål tilpassa mottakar og medium.	Tekst i kontekst. Munnleg kommunikasjon. Skriftleg tekst-skaping. Språket som system og moglegheit. Kritisk tilnærming til tekst.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og med-borgarskap	Lese og høyre dikt og songtekstar. Øve på å finne verkemiddel. Lese tekstar frå ulike tider. Øve på å samanlikne dikt.	Fagsamtale. Skriftleg tekst.
				Læringsressurs

A-univers

Fabel 9

Diverse tekstas

Tema: Utforsk nabospråk

Periode: Veke 12 – 13 og 14 - 15

Læringsmål:

- Eg kan lytte til og lesa korte tekstar på svensk og dansk, og fortelja kva dei handlar om og kva språklege særpreg dei har.
- Eg kan lese omsette tekstar frå svensk og dansk og reflektere over sjanger og uttryksform.
- Eg kan undersøke språkleg variasjon, både i Noreg og i Norden, og snakke om haldningar til ulike språk og talemål.

Korfor skal du lære dette?

- Fordi språk som svensk og dansk er veldig like norsk. Språka har felles opphav. Det gjer at de ofte forstår meir enn de trur — og det kan bli lettare å forstå både tale og tekst.
- Noreg høyrer til ein nordisk språkfamilie, der dansk, norsk og svensk er tett knytte saman gjennom historie, kultur og språkpolitikk. Å lære nabospråk styrkar trua på fellesskap i Norden — og gjev betre høve til samarbeid og kommunikasjon på tvers av grenser.
- Det er ikkje berre eit tilfeldig val — det ligg politiske og kulturelle avtalar bak det, slik som Norden si språkpolitikk og rett til å bruke eige språk i offentleg dialog i neste nordiske land.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
• Lytte til og lese tekstar på svensk og dansk og gjere greie for innhald og språklege trekk. • Lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål og nynorsk og i omsetjing frå samiske og andre språk, og reflektere over formål, innhald, sjangertrekk og verkemiddel i tekstane. • Utforske språkleg variasjon og mangfald i Noreg og reflektere over haldningar til ulike språk og talespråkvariantar.	Tekst i kontekst. Munnleg kommunikasjon. Språket som system og moglegheit.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og medborgarskap	Lese tekstar på svensk og dansk. Sjå korte filmar. Samanlikne ord på nynorsk, bokmål, svensk og dansk.	Fagsamtale. Oversetting.
				Læringsressurs

A-univers

Fabel 9

Diverse filmar

Diverse tekstur

Tema: Hald ein presentasjon

Periode: Veke 16 - 19

Læringsmål:

- Planlegge og gjennomføre ein presentasjon om eit fagleg tema.
- Bruke passande språk og forklare med eigne ord så andre forstår.
- Tilpasse presentasjonen til mottakarane (t.d. med gode eksempel eller forklaringar).
- Bruke digitale verktøy (t.d. lysbilete eller bilete) på ein ryddig måte.
- Snakke tydeleg og bruke kroppsspråk som støttar det eg seier.

Korfor skal du lære dette?

- Formidling er ein viktig del av livet. De skal ofte forklare ting for andre – i skulen, på jobb og elles.
- Å kunne presentere gir tryggleik. Når de øver på å snakke framfor andre, blir de meir sikre på eiga stemme og eiga meining.
- De lærer å bruke språket som eit verktøy. Det handlar ikkje berre om kva de seier, men korleis de seier det.
- Digitale verktøy blir viktige. Presentasjonar gir dykk trening i å bruke bilete, lysbilete og andre hjelpemiddel på ein smart måte.
- Publikum skal forstå. De lærer å tilpasse språket til kven som høyrer på, slik at budskapen kjem klart fram.

Kompetansemål	Kjerneelement	Tverrfaglege tema	Korleis skal vi lære dette?	Undervegsvurdering
- Bruke fagspråk og argumentere sakleg i diskusjonar, samtalar, munnlege presentasjonar og skriftlege framstillingar om norskfaglege og tverrfaglege tema. - Informere, fortelje, argumentere og reflektere i ulike munnlege og for ulike formål tilpassa mottakar og medium.	Munnleg kommunikasjon. Språket som system og moglegheit.	Folkehelse og livsmeistring. Demokrati og medborgarskap	Sjå eksempel på gode presentasjonar. Lære om kva som kjenneteiknar ein god presentasjon.	Presentasjon.
			Øve på å presentere eit norskfagleg tema.	Læringsressurs A-univers <i>Fabel 9</i> Diverse filmar